

Uskedalsbrødet er og blir namnet

12.01.2009



Olga Wang smakar på USKEDALSBRØDET i butikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

uskedalen.no og SPAR har fått mange forslag om andre namn på det nylanserte brødet enn Uskedalsbrødet. Men namnet blir ikke endra, understrekar dagleg leiar Bente Nilsen.

Namnet bør seie noko om kor brødet kjem ifrå og USKEDALSBRØDET gjev størst PR-effekt både for bygda, dei som bakar det og dei som sel det. Men Bente legg til at dei framleis er ope for gode forslag om slagord.

Ellers er ho både overraska og imponert over det engasjement kundane har lagt og legg for dagen i samband med det nye brødet.

I likheit med brødansvarleg Kari Ljosnes er ho også svært nøgd med salet så langt. Både fredag og laudag vart dei 50 brøda som var å finna i disken selde og no er dei spente på måndags-salet.

Dei fleste som har smaka på brødet og uttala seg har vore svært nøgde med det, men nokre ynskje om smaksjusteringar er registrert.

Til dømes har nokon sagt at brødet er litt før søtt - med andre ord bør det brukast mindre syrup. Men førebels har ikkje bakar Jan Eik funne grunn til å gjera nokre endringar.

Av Ola Matti Mathisen